

Årsplan for Torpo barnehage 2018 - 2019

«KOM OG BLI MED !»



INNLEIING:

Årsplanen er fyrst og fremst dei tilsette sitt arbeidsreiskap, der me legg føringar for det pedagogiske arbeidet vårt. Samtidig er den eit nyttig dokument for heimen og andre samarbeidsinstansar. Rammeplanen dannar utgangspunktet for årsplanen. Årsplanen er eit dokument som skal vise korleis me omset innhaldet i rammeplanen til vår eigen pedagogiske praksis. Det skal vera ein raud tråd frå rammeplanen ned til årsplanen og månadsplanar. Me ynskjer å få med nye innspel til innhald og drift både frå tilsette, barn og foreldre. Samtaler, møter, barnegrupper og brukar/medarbeidarundersøkingar er nokre av metodane for dette arbeidet. Ofte vil det koma innspel og føringar gjennom året som me tek med oss vidare til neste barnehageår. Me vil ta med oss det gode me gjer og samtidig tilføre nye element.

Årsplanen til Torpo barnehage er bygd opp etter føringane om innhald i frå rammeplanen. Den viser korleis me arbeider med viktige område som omsorg, leik, danning og læring – konkretisert i vår eigen pedagogiske ramme. Vidare seier den noko om medvirkning, dokumentasjon og progresjon. Faste aktivitetar gjennom året har plass her og ein presentasjon av årets prosjekt. Årsplanen inneheld også ein årskalender. Kvar månad inneheld ei grovskisse for kva me vil gjera og korleis me har tenkt å gjera det. Detaljar kjem i barnemøter på måndagane. Når barna skal vera aktive deltakarar i barnehagen kan ikkje alt vera planlagt og fastsett. Difor vil noko bli til undervegs.

STYRINGSdokUMENT:

Me har vore inne på Rammeplan for barnehagen, som er vårt viktigaste styringsdokument. Rammeplanen er forskrifta til barnehagelova. Hausten -17 fekk me ein ny rammeplan, der verdigrunnlaget er formulert slik:

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng».

(Rp s. 7)

Sjå meir om begrepa på neste side.

<p>Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg: «Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vera trygge og trivast, og at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og får den hjelpa og støtta dei har behov for». (Rp s. 19)</p>	<p>Barnehagen skal vareta barnas behov for leik: «Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode kår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling». (Rp s. 20)</p>
<p>Barnehagen skal fremje danning: «Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap». (Rp s. 21)</p>	<p>Barnehagen skal fremje læring: «I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling». (Rp s. 22)</p>

I tillegg har me kommunale og lokale dokument som også er med på å styre barnehagen som verksemd:

- «Betre læring i Ål kommune»: (meir om dette lenger ut i årsplanen) med visjonen «Alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste».
- Årshjul for: *Ål kommune *Oppvekstsektoren *Torpo barnehage
- Handlingsplanar for utviklingsarbeid.

I Torpo barnehage har me utarbeidd ei pedagogisk ramme som er vår konkretisering av desse omgrepa. Som verdigrunnlaget seier, må alt sjåast i ein samanheng. I kvardagen – i leik, i det frie og i det styrte.

PEDAGOGISK RAMME:

4. Visjon:

- *Du og eg - saman om noko!*



3. Pedagogikk:

- Vektlegging av leik som den viktigaste læringsarenaen i barnehagen
- Fokus på medvirkning og å byggje vidare på barna sine interesser
- Arbeid med fagområder og prosjekt både ute og inne

2. Arbeidsmetodar:

- Fri dagsrytme
- Deltakande vaksne i leik, omsorgssituasjonar og tilrettelagte aktivitetar
- Barnegrupper med aktivitetar
- Barnesamtaler
- Bruk av digitale vektøy

1. Pedagogisk grunnsyn:

- Me ser på barn som kompetente og likeverdige med vaksne, men under tydelege rammer og med tilsette som støttespelarar
- Me ynskjer ein kvardag fylt av glede og godt humør
- Me vektlegg medvirkning og møter kvarandre med respekt i leik, omsorgssituasjonar og tilrettelagte aktivitetar
- Me arbeider for at barna i aukande grad kan balansere individuelle behov opp mot gruppa sine behov

Det er viktig og nyttig for alle tilsette å ha klart kva for retning ein arbeider mot. Visjonen er vår ledestjerne. Det pedagogiske grunnsynet er meir som ein grunnmur der me må byggje vidare med arbeidsmetodar og pedagogisk innhald. Dette er områder som me evaluerer kvart år og justerer i tråd med styringsdokument, fokusområder og tilbakemeldingar. Den pedagogiske ramma seier mykje om korleis me arbeider etter rammeplanen i praksis.

MEIR OM KORLEIS ME ARBEIDER MED:

1. Pedagogisk grunnsyn:

Sjølv om me ser på barn som kompetente og like mykje verdt som vaksne, så betyr ikkje det at dei kan like mykje som vaksne. Dei tilsette må vera omsorgsfulle og tydelege vaksne som kan hjelpe barna på vegen i danninga mot å bli sosiale individ som kan balansere egne behov opp mot andre sine behov. Det er viktig å ta barna på alvor og møte dei der dei er.

Dette gjeld i alle situasjonar i barnehagedagen. Barna skal få medvirke i eigen kvardag og oppleve at deira synspunkt vert møtt. Dei tilsette er barnehagen sin viktigaste ressurs dersom me greier å utnytte kvar enkelt sin personlege og faglege kompetanse. Me opplever at glede, og godt humør er viktig for alle menneske, uansett alder. Det skal me alltid ha tid til!

2. Arbeidsmetodar:

Ei romsleg og fri dagsrytme er vårt viktigaste hjelpemiddel for å få til reell medvirkning frå barna. Dette gjeld i aukande grad etter modning og alder hjå barna. Me arbeider med medvirkning både knytt til dagsrytme og i barnegruppene, i fagområder og i prosjekt. Medvirkning ift dagsrytme kjem til uttrykk ved fleksible tider for måltid og i leik inne og ute. Me ynskjer å ha variasjon mellom leik, eigenvalde aktivitetar og aktivitetar med meir fastlagt innhald. Fri dagsrytme og bruk av barnegrupper er ein måte organisere på som gjer at både dei frie og dei styrte får plass.

Barnegruppene er delt i tre områder: 1. Matgruppe 2. Aktivitetsgruppe 3. Turgruppe.

Målet er å gje barna høve til å planlegge, gjennomføre og evaluere prosessen i si gruppe. Det er også ein måte å få alle deltakande på, uansett om ein er stille eller aktiv. Gruppene skal gje barna nye opplevingar og eit aukande repertoar. Me ser arbeidet i samheng med prosjekt og fagområde. Kvar gruppe skal gje tilbod om ein aktivitet kvar veke. Barn på andre grupper får også tilbod om å delta på aktiviteten, men planlegging og evaluering er i hovudsak lagt til dei som har valgt gruppa. Arbeidet med barnegrupper er mest synleg på stor avdeling, men også liten avdeling deltek i aktivitetane. Dei vaksne fordeler seg på dei tre gruppene og har ansvaret for framdrifta i prosessen. Deira rolle er å koma med innspel og idèar knytta til prosjekt og fagområde, men samtidig vera lydhøyr for barna sine innspel. Det er val av nye grupper kvar 2. månad.

3. Pedagogikk:

Torpo barnehage har i mange år vektlagt leiken som ein viktig læringsarena. Inspirert av Birgitta Knutsdotter Olofsson innførte barnehagen tre leikreglar, som framleis er gjeldande: *gje mykje tid til leik *ikkje forstyrre leik *delta ofte i leik. I tillegg er me svært oppteken av den vaksne som ein aktiv deltakar i leiken. Me seier at den vaksne må kunne *gå framom, *gå ved sida, *gå bak – alt etter kva behov barnet har. Me har hatt eit utviklingsarbeid knytta til vaksenrollene, for bevisstgjerjing hjå dei tilsette. Rammeplanen seier at «leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast». Dette synet på leik ynskjer me å ha i Torpo barnehage. Barna leikar ut sine erfaringar og tankar. Deira interesser vil vera det beste utgangspunktet for vidare læring og me vaksne må gripe tak i dette og støtte/tilføre nye moment. Leiken er også ein viktig arena for utvikling av gode relasjonar.

Prosjektarbeid er ein viktig arbeidsmetode. Å arbeide tverrfagleg er ein naturleg del av det. Å starte eit prosjekt vil på mange måtar vera som å starte ei reise der ein ikkje veit heilt kvar ein skal innom på vegen eller kvar ein endar. Dette fordi barna skal vera den drivande parten – forskarane - og dei vaksne skal vera medforskarar. Dette er ein svært spennande og givande måte å arbeide på. Barna arbeider med prosjekt i barnegruppene og elles i kvardagen. I prosjektarbeid oppnår me læring på mange plan: konkret kunnskap om temaet som er i fokus, danning/sosial kompetanse og utvikling av læringsstrategiar. Meir om årets prosjekt seinare i årsplanen.

Rammeplanen har sju fagområder, som me arbeider med over ein to-års periode. Dette betyr ikkje at det berre er dette fagområdet me arbeider med, men at me fokuserer ekstra på det i kvardag og barnegrupper. Me bytter ut litteratur, skifter leiker og arbeidsmateriell og har fagområdet i tankane gjennom heile perioden. Dette gir barna ulike opplevingar kvar einaste dag, og ikkje berre på dei dagane det står spesielle aktivitetar på planen.

4.Visjon:

Visjonen er vår ledestjerne og noko me alltid skal strekkje oss etter. Den skal synleggjera alle dei tre punkta over, slik at det vert samanheng. Me synes visjonen viser at me ser på barnet med respekt og barnet at sjølv har den viktigaste rolla i sitt liv. Utvikling og læring skjer best når ein er saman med andre barn og vaksne, i aktiv leik og dialog. Felles fokus er ein føresetnad for å få dette til.

PROGRESJON, EVALUERING OG DOKUMENTASJON:

Progresjon vil seie at kvart barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Barna skal oppleve progresjon i barnehagens innhald ved at det vert lagt til rette for at alle barn får varierte opplevingar på ulike område. Dei vaksne sin måte å møte barna og deira interesser på er viktige for god progresjon. Dette heng tett saman med vår pedagogiske ramme (sjå over). Ein god balanse mellom tryggleik og utfordring vert vektlagt. I barnehagen tenkjer me progresjon knytt til kvart enkelt barn, men også i høve barnet si samhandling med andre. Me tenkjer det også i arbeid med prosjekt og fagområde, der innhaldet vert tilpassa alder og modning. I samarbeid med foreldra fylgjer me med på utviklinga til kvart barn i barnehagen. Både samtaler i kvardagen og foreldresamtaler er ein arena for dette. Her kan me setje fokus på det som går bra og områder som barna treng å arbeide spesielt med. Den årlege digitale portefølgja vil vera ein god dokumentasjon over utviklinga til kvart enkelt barn. Det skal vera barnets eige syn på seg sjølv, utvikling og trivsel.

Dokumentasjonen vert gjort både i høve til enkeltbarn og i høve gruppa. Det vert gjort fyrst og fremst for at me sjølv skal kunne vurdere arbeidet me gjer, som eit grunnlag for refleksjon og endring. I tillegg er det viktig at dokumentasjonen også synleggjer arbeidet for foreldre og andre interesserte.

Evaluering er viktig for å sikre kvaliteten og vidareutvikle barnehagen. Evalueringane me gjennomfører med barna gir oss direkte tilbakemelding på kvardagen og aktivitetane barna opplever. Erfaringa er at ein bør samtale med barna medan opplevingane er «ferske». Barnemøtene er ein fin stad for evaluering, i tillegg til dei umiddelbare samtalene og kommentarane. For dei aller minste vil det vera viktig at vaksne er merksame på reaksjonar, kommunikasjon og uttrykk frå barna. Alle signala frå barna må dei vaksne ta med seg og sjå i samanheng med eigne evalueringar. I tillegg vil dei tilsette heile tida gjera seg refleksjonar og justere «kursen» og me har møtetid der me kan gjera grundigare evalueringar.

Evaluering for foreldra vert gjort med felles brukarundersøking i kommunen og ved interne evalueringar. Dei får også høve til evaluering av enkelte områder gjennom foreldremøter. Me tek gjerne imot innspel frå foreldra undervegs t.d. gjennom familie -og foreldresamtalene. Den daglege kontakten gir òg foreldra høve til å kome med synspunkt og ynskje. Me tek med oss alle evalueringar i vidare planarbeid.

FASTE AKTIVITETAR:

Det er ein del faste aktivitetar me gjennomfører kvart år:

- Klubb for dei eldste: Den vert gjennomført kvar veke. Innhaldet er variert, men ofte noko finmotorisk aktivitet og ein del vaksenstyrt aktivitet. Klubben nyttar Torpo skule til sine samlingar. Dette har me positive erfaringar med. Ål kommune har utarbeidd felles mål for sine skulestartarar for å:
« sikre at alle har grunnleggande ferdigheiter som er avgjerande for ein god overgang til skulen»:
 - Barnet syner evne til sjølvhevding.
 - Barnet syner evne til sjølvregulering.
 - Barnet syner evne til felles merksemd.
 - Barnet er sjølvstendig i det daglege.
 - Barnet har grunnleggande motoriske ferdigheiter.
 - Barnet har eit forventa språkleg medvit.
 - Barnet kjenner til grunnleggande ord og over – og underbegrep.
 - Barnet er på førskjemastadiet i teikneutvikling.
- Overgang frå barnehage til skule: Målet er å gjere overgangen så god som mogleg. Barna skal møte skulen med tryggleik og forventning. I Ål kommune nyttar me «Overgangsplan – barnehage og skule» med fastsette rutiner i årshjul i dette arbeidet. Gode rutinar skal sikre oppfølging av kvart enkelt barn. Me har eit godt samarbeid med Torpo skule, med ei felles ressursgruppe som har fokus på samarbeid og overgang. Klubben går til skulen kvar måndag saman med faste vaksne.
- Klubb for dei nest eldste: Målet er å skape ei kjensle av at dei er ei gruppe og arbeide med sosial læring. Innhaldet er leikbasert med fokus på fellesopplevingar. Denne klubben har barnehagen som fast base og har samling kvar måndag med fast vaksen.
- Samling for dei yngste på stor avdeling: Målet er å ha fokus på felles leik og oppleving. Det er ei kort samling i barnehagen kvar måndag med fast vaksen.

- Tilvenning: For heilt nye barn er tilvenning ei svært viktig tid for å skape eit godt og trygt grunnlag for å gå i barnehagen. Me har besøksdag i forkant av tilvenning, ein fast primærvaksen og praktiserer individuell tilvenning. Det tyder at barnehage og foreldre saman avtalar korleis tilvenninga skal vera. Me gir tilbod om ei tidleg foreldresamtale, der foreldra kan gi viktig informasjon om sitt barn til barnehagen. Me har også fokus på overgangen frå liten til stor avdeling, med dei endringar det betyr.
- Lokale tradisjonar som skapar gjenkjenning, trygghet og forventning: adventstradisjonar, jule- og sommaravslutningar, markering av bursdagar o.l.

TRAFIKKTRYGGLEIK:

Ål kommune er godkjent som trafikksikker kommune og har med det eit tydelegare fokus på trafikktryggleik og trafikkkunnskap. Me ynskjer å gi barna gode haldningar og grunnleggande ferdigheter i å ferdast i trafikken. I Torpo barnehage har me egne rutinar for turar og opphald utanfor barnehagen i HMS-systemet.

Trafikktryggleik som informasjon til foreldre:

- Tryggleik på barnehagens parkeringsplass.
- Sikring av barn i bil.
- Generell informasjon om våre rutiner jfr HMS.

Praktisk opplæring med barna i kvardagen:

- Me trenar i trafikken når me er på tur. Innarbeider gode vanar om korleis me oppfører oss i trafikken, ha på refleksvest, kryssing av veg, korleis me går etter vegen både med og utan fortau, kva skilt betyr osb.
- Me lærer barna om sikring i bil, bruk av hjelm, refleks.

Trafikkopplæring for dei eldste som går på klubb.

- Sjå punkt over.
- Samtaler og samlingar med trafikk som tema.

SAMARBEID:

Foreldra er våre viktigaste samarbeidspartnarar og skal vera involvert i både arbeid med eigne barn og barnehagedrifta. Me ynskjer ein open, god dialog med heimane. Ei engasjert og aktiv foreldregruppe er positivt for barnehagen. Barnehagen har både formelle og uformelle møtepunkt med foreldra. Me arbeider med eit større fokus på det nære nettverket som kan gje støtte og hjelp, gjerne gjennom nettverksmøte ved behov. Me nyttar også hjelpeinstansar som finnes, der ein kan ha nytte av å søke kompetanse og rettleiing. Barnehagen deltek på tverrfaglege møter med PPT, helsestasjon og psykisk helse. Barnevernet stiller med ein representant dersom me ynskjer det. Der kan ein drøfte utfordringar knytt til barnegruppa eller enkeltbarn. Me har primærkontakter me kan nytte i desse instansane:

-PPT: Wenche Skår-Ekse -Helsestasjon: Else Karin Veslegard -Psykisk helse: Marit L. Tveit -Barnevern: Ann Beate Øyre Bjørnsen.


Det vert også gjennomført ansvarsgruppemøter og samarbeidsmøter i høve barn som får ekstra oppfølging. Me samarbeider også med Torpo skule, nærmiljøet, andre barnehagar og oppvekstetaten i Ål kommune.

FAU – SU:

FAU	SU	
Geir Dokken, leiar gedokke@online.no	Birgit Kristine Uhlen, leiar birgit.k.uhlen@hotmail.no	FAU (Foreldrearbeidsutvalet) er bindeleddet mellom foreldregruppa og barnehagen. Dei skal fremme saker som gjeld barnehagedrifta og er gode støttespelarar under sosiale arrangement. Dei skal sikre samarbeid mellom heim og barnehage. Det sit fire foreldrerepresentantar i FAU.
Signe Sønndrål signe_sondrol@hotmail.com	Liene Varpa Liene2006@inbox.iv	
Liene Varpa Liene2006@inbox.iv	Lars Brattåker Gjengedal lars.gjengedal@gmail.com	SU (Samarbeidsutvalet) kan arbeide vidare med saker frå FAU og har i tillegg beslutningsmynde. Det skal vera eit rådgjevande, samordnande og kontaktskapande organ. I SU sit to av foreldrerepresentantane frå FAU i tillegg til ein politisk representant og to tilsette + styrar.
Birgit Kristine Uhlen birgit.k.uhlen@hotmail.no	Ingeborg S. Killingberg ingeborg.killingberg@aal.kommune.no	
Ingvild Haugen, vara ingvild_haugen@hotmail.com	Brit Sæther brit.saether@aal.kommune.no	Bruk representantane til saker de vil fremme! Me ynskjer eit aktivt FAU og SU.
	Mette Oleivsgard mette.oleivsgard@aal.kommune.no	

BETRE LÆRING I ÅL:

Betre læring er oppvekstsektoren i Ål sitt eige styringsdokument. Det er både strategidokument og handlingsplan knytta til Betre læring. Handlingsplanen vert revidert kvart år, med tiltak plassert i to område: drift og utvikling. For barnehageåret 2018-19 vert **implementering av ny rammeplan** vidareført som utviklingsområde. For barnehagane i Ål skal det også utarbeidast ein ny generell del for årsplan, som vil vera felles. Nytt 2-årig utviklingsområde er **inkluderande læringsmiljø**, der både barnehage og skule er involvert. Sjå meir seinare i årsplanen.



Rammer for veka:

- **Måndag:**
 - Barnemøter
 - Klubb-13, klubb-14
 - Samling-15

- **Tysdag:**
 - Intern møtedag

- **Onsdag, torsdag, fredag:**
 - Prosjektarbeid
 - Arbeid i barnegrupper:
 - Turdag
 - Matdag
 - Aktivitetstilbod (Sjå info.tavle i garderoben)

Kvalitetsmåla sett i samanheng med det me gjer i Torpo barnehage:

Kvalitetsmål:	Dette gjer/har me i barnehagen:	Dokument og planar:
<p>Tett og tidleg på:</p> <p>Alle får raskt hjelp ved behov, både fagleg og sosialt.</p>	<ul style="list-style-type: none"> -autoritative vaksne (omsorgsfulle og tydelege) i leik og aktivitetar i kvardagen. -tilsette med kunnskap om normal og avvikande utvikling hjå enkeltbarn og barnegruppe. -interne møtefora med høve til å undre seg, drøfte saker og bestemme tiltak. -kommunikasjon med foreldra ved levering/henting og faste foreldresamtaler. -godt samarbeid med hjelpeinstansar i kommunen (BTI) –inkluderande barnehage – og skulemiljø. -implementering av ny rammeplan. -barnesamtaler 	<ul style="list-style-type: none"> -pedagogisk ramme. -plan for ettertrykk og fagleg påfyll. -fast møteplan med sakliste og referat, undringsskjema. -vaktsystem, pedagogisk årshjul, referat. -plan for primærkontaktmøter og tverrfaglege møter. -handlingsplan 2018-19, rutine -Musa Marius
<p>Læringsutbytte:</p> <p>Med tilpassing og eigeninnsats har alle utbytterik læring.</p>	<ul style="list-style-type: none"> -leik som den viktigaste metoden for læring. -tid og rom til fleksibilitet ift leik, aktivitetar og måltid. -Prosjekt «Kom og bli med!» -aktiv bruk av barnegrupper. -klubb for dei to eldste kulla. -balanse mellom eigeninitierte aktivitetar og styrte aktivitetar. 	<ul style="list-style-type: none"> -leikreglar. -romsleg dagsrytme. -sjå eigen prosjektplan under -plan mot mobbing og utestenging. -lister, dokumentasjon. -overgangsplan, fokusområder. -pedagogisk ramme, rammer for veka (sjå over), månadsplan.

UTVIKLINGSOMRÅDE:

Implementering av ny rammeplan:

Me held fram med andre år med implementering av rammeplanen. I løpet av dette barnehageåret skal me ha kome oss gjennom heile planen. Me gjer vurderingar på kva me vidarefører, kva me justerer og kva me tilfører barnehagen i høve føringane i forskrifta. Førre barnehageår hadde me gode prosessar på kap. 1 – 5 og no er det kap. 6 – 9 att. Dette er i stor grad eit arbeid i personalgruppa.

Inkluderande barnehage – og skulemiljø:

Dette er eit nasjonalt læringsmiljøprosjekt, som Hallingdal – og Ål – byggjer vidare på, med tema forebygging, avdekking og håndtering av utestenging, krenking og mobbing. Det er bygd opp som Felles løft og Kupp tidlegare, men fagleg påfyll via ressursgrupper og vidare til heile personalgruppa i barnehagen. Det er utarbeidd planar for prosjektet både i Hallingdal og i Ål kommune. Vårt lokale prosjekt knytta til dette heiter «Kom og bli med!». Torpo barnehage har laga eigen handlingsplan, der forebygging gjennom kvardagsliv, vaksenrolle og foreldrenettverk er viktige stikkord for 2018-19. Sjå plan under, 2-årsoversikt og detaljar i månadsplanane. Neste barnehageår vil det vere fokus på avdekking og håndtering av krenkingar og mobbing.



KOM OG BLI MED!

Hovedmål:

Torpo barnehage arbeider forebyggende mot utestenging og mobbing

Delmål:

- Alle barn har minst ein god leikevenn i barnehagen
- Alle barn har minst ein trygg vaksen i barnehagen
- Alle barn har ein plass i gruppa (årskull og avdeling)

Satsingsområder:

1. Kvardagsliv:

2. Vaksenrolle:

3. Foreldrenettverk

Metodar:

- Romsleg dagsrytme med god tid til leik
- Gleding
- Barnegrupper med aktiviteter
- Klubb og samling
- Barnesamtaler
- Sosiometrisk kartlegging

- Autoritative vaksne
- Leik og servicevakt
- Gå foran, gå ved sidan av, gå bak
- Gi tid til leik, ikkje forstyrre leik, delta ofte i leik
- Fagleg påfyll, eksternt og internt, og vidareføring til praksis
- BTI (Betre Tverrfagleg Innsats)

- Gruppearbeid på foreldremøte
- Sosiale treff med ei tydeleg ramme
- Oppfølging av opplegg frå «arbeidsgruppe foreldrenettverk» med fastsette tema

Vurdering/evaluering:

- For barn: I det daglege, barnegrupper, barnesamtaler, portefølgjer
- For foreldre: I det daglege, foreldresamtaler/portefølgjer, brukarundersøking
- For tilsette: I det daglege, avdelingsmøter, planleggingsmøter, halvårs-/årsevaluering, medarbeiderundersøking

2 – års oversikt Inkluderande barnehage – og skulemiljø:

Barnehageår:	Tema utviklingsarbeid	Fagområde
2018-19	Forebygging: 1. Kvardagsliv 2. Vaksenrolle 3. Foreldrenettverk	<ul style="list-style-type: none"> • Nærmiljø og samfunn • Etikk, religion og filosofi • Natur, miljø og teknologi
2019-20	Avdekking og håndtering: Ikkje fastsett	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunikasjon, språk og tekst • Kropp, rørsl, mat og helse • Kunst, kultur og kreativitet • Mengd, rom og form

Kontaktinformasjon Torpo barnehage:

Mail: torpo.barnehage@aal.kommune.no Tlf: 32085455 mobil styrar 90032748